

Referat fra driftstyre 28.05.2024

Tilstede: Ruth Elaine Halstensen, Elin Grødeland, Lise Samuelson, Ann Kristin Erga Herikstad, Karen Marie Vold, Vegard Bjøberg Snoksrud Stokland, Solgunn S. Frøyland

Fårverande: Elevrådsrepresentant Ester Priesner og rektor Kenth Magne Åsebø-Trodal

Velkommen til møte nr 2 dette skuleåret.

280524-0 Referat godkjent.

280524-1 Elevrådsrepresentant. Elevrådet har hatt møte kvar 3.veka, av og til oftare alt etter behov. Dette har fungert bra. Elevrådet føler dei har gjort ein god del ting dette året. Dei har arrangert Orre talent, hjelp til ved karneval og vært organisert i jury til teiknekonkurrans som skulesjef arrangerte. Elevrådet skal og arrangera kanonballturnering før sommaren. I tillegg til dette har me tatt opp ulike sakar fortløpande frå klassane.

280524-3 Ansatt

Fagarbeiderne: Fagarbeidarane trives veldig godt på Orre. Det er lett å spør om hjelp frå kvarandre og ein arbeidar godt saman. Det er lite fråvær, noko som relsulterer i lite vikarbruk som igjen skapar trygge og forutsigbare dagar for vaksne og for elevane. Me har ei leeing som stillar krav og visar tydeleg mål og retning for arbeiddet vårt. Det har dette skuleåret vore noko trangt om plassen men det veit me vil endra seg når nybygget står klart i haust.

Pedagogar. Pedagogane uttalar høg grad av trivsel. Det er fleire sosiale arrangement utover arbeidstid der store deler av personalet stiller. Det er høgt under taket og personalet arbeidar godt saman. Personalet støttar kvarandre og er framoverlent og utviklingsorienterte. Det har vore noko trangt på huset, noko som har ført til litt elevkonfliktar i gangane. Dette har ein arbeid med for å handtera og ein veit situasjonen blir annleis til hausten. Pedagogane fortel at dei har ei leeing som er positive og stolte over arbeiddet som blir gjort. Dei er støttande og lyttar til personalet.

Solgunn seier noko om status på skulen. Elevgrupppa visar læring, trivsel og ein opplev ein god atmosfære på skulen. Ein har hatt fleire vellykka fellesarrangement som elevane trives godt med. 0-trinn har hatt besøkdagar og foreldremøte og er no klare til å starta på Orre skule til hausten.

Arbeidsmiljøet er bra. Det er god sosial aktivitet på fritida, ein har trening for personalet ein gong i mnd og god møtevirksomhet. Sjukefråværet er lågt, tross at me er ein sektor med aukande sjukefråvær. Personalet har arbeida denne våren med profesjonsfellesskapet for å skapa gode læringsøkter og trygge skulekvardagar for alle elevane.

Regnskapet for skulen går pr.dags dato med eit overforbruk. Dette skuldast auka lærartetthet og at ein no har fått personal på plass.

Til neste skuleår har ein fått på plass 4 nye pedagogar, noko som er bra for organisasjonen. Nokre pedagogar og fagarbeidarar skiftar arbeid men skulen er godt oppdekka med personal til hausten.

Nybygget står klart til innflytning etter haustferien. Noko alle gler seg til. Me får eit flott nytt bygg som gir oss mange muligheiter for å gi elevane variert undervisning og skaparglede.

Elevundersøkinga visar stort sett gode resultat. Ein ser at på 6 og 7.trinn skårar ein over kommunalt snitt og elevane meldar frå om at det skjer lite mobbing. Læraren gir god støtte og læringsmiljøet er bra. 5.trinn har noko dårlegare tal, der ein alt har satt inn tiltak. Skulen får og støtte frå KTT til å styrka læringsmiljøet.

280524-5 FAU har ingen innmeldte saker.

FAU seier at det er bra at elevane er med i elevundersøkinga og seier noko om korleis ein har det på skulen. Resultatet visar at elevane har det bra og at utfordringane ein ser blir arbeida med. Foreldreundersøkinga visar og at Orre skule er ein god stad å vera.

Foreldremøtet hadde litt lite oppmøte, noko som kan skuldast at få klassar hadde påfølgande foreldremøte i klassen. Ein ynskjer neste år at alle klassar har eige møte i samanheng med felles foreldremøte.

Til hausten ynskjer ein at dei som blir valgt til FAU er representantar som stillar til møtene. Ein har hatt litt utfordringar med at nokre ikkje stiller.

FAU er fornøyd med arbeidet som blir gjort på skulen og ser at skulen er i driven og arbeidar godt.

280524-6 Politkarrepresentanten har ordet.

Vegard seier at det fyrst og fremst er jillt å sitta å høyra på. Skulen blir godt styrt av ei trygge leiing og ein får inntrykk av at elevar og ansatte trives.

Bra å høyra at KTT er inne og bidrar på ein god måte på skulen.

Orrehallen- her er det intet nytt. Dette er ei formell forhandling mellom idretteslaget og skulen. Ein håpar at det kjem til snarleg ordning. Det kjem nye reglar frå administrasjonen som skal sei noko om leigeforhold mellom kommune og idrettslag. Foreldre etterlyser bruk av symjehallen. Håpar samarbeidet kjem i gang igjen.

280524-7 Driftsstyre eller SU.

Driftsstyre skal ta stilling til om ein skal behalda driftsstyre eller gå over til SU. Driftstyret ser ingen ulemper med å gå over til SU. Det viktigaste er at ein har ein rektor som lyttar til personalet og tek vare på ansatte.

Driftsstyre tilrår å gå over til SU.

280524-8 Ymse.

Ingen innmeldte saker.

Referent: Solgunn S. Frøyland

28.05.2024